



DEN NORSKE KYRKJA  
Bømlo Sokneråd

## Møtereferat

### Bømlo Sokneråd

|                   |                                                                                                            |                |
|-------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|
| <b>Stad:</b>      | Bømlo kyrkje                                                                                               | Dato: 21.08.24 |
| <b>Frammøtte:</b> | Rolf Magne Skippervik, Svanhild Vespestad, Trygve Totland, Anja Beate Skullerud og Haldis Kristin Hovland. |                |
|                   | Forfall: Odd Ingvar Nilssen, Dagnor Engenes, Laila Hansen Røksund.                                         |                |
| <b>Referent:</b>  | Anja-Beate Skullerud                                                                                       |                |

### Saksliste:

#### **Sak 01 – 07 - 2024      Godkjenning av sakliste og innkalling til møte**

Godkjend

#### **Sak 02 – 07 - 2024      Godkjenning av referat.**

Referat frå møte 06 – 24 er ikkje motteke og difor ikkje godkjent.  
Det manglar også framleis referat frå møte 02 – 24 og frå årsmøtet.

#### **Sak 03 – 07 - 2024      Liste over tekstlesarar/kyrkjevertar/offer/kyrkjekaffi**

Soknerådet ynskjer at også kyrkjevertane skal førast opp på lista over medverkande i gudstenesta og få tilsendt gudstenesteprogram.

Soknerådet føreslår å gjeninnføre ofring rundt alteret dei gongene det høver best slik, t.d. når det er kyrkjekaffi.

Vi vidarefører tradisjonen med at konfirmantforeldre får ansvaret for kyrkjekaffien ein gong kvar i løpet av konfirmantåret. Anja-Beate tek kontakt med Marta om dette, og om å gje konfirmantane oppgåver i samband med gudstenestene (jmf vedtak i sak 03-04-2024)

#### **Sak 04 – 07 - 2024      Utvendig kyrkjebygning**

Orientering om arbeidet Skimmeland har utført og notat frå synfaring som var vedlagt innkallinga.

Soknerådet har høve til å forskuttere utgifter til måling og målereiskap. Rolf Magne kjøper inn dette.

Vi treng frivillige til å hjelpe til med å måle det som gjenstår på dugnad. For å få tak i folk som kan vere med, vil vi lage eit skriv og dele ut i postkassene. Rolf Magne tek ansvar for å utforme dette, resten av soknerådet er med og deler ut.

#### **Sak 05 – 07 – 2024      Flomlys albertavle**

Rolf Magne testar lamper undersøker pris og avklarar med kasserar og kyrkjeverje om innkjøp.

#### **Sak 06 – 07 - 2024      Utstyr til kjøken**

Svanhild orienterte om innkjøp av servise og bestikk til kjøken. Det meste er på plass, men det manglar framleis spiseskeier og teskeier som skal vere kjøpt inn tidlegare. Det manglar også nokre stettglas, vi har 30. Når alt er på plass, kan det dekkast til om lag 50 personar.

Soknerådet ynskjer å be om støtte frå lokale verksemdar til å dekke utgiftene i samband med oppgraderingen. Svanhild skriv brev og sender til dei aktuelle verksemdene.

Felles sokneråds- og medarbeidersamling ons 28.aug blir ein prøve på korleis det fungerer å bruke litlesalen til selskap o.l. Soknerådet tek opp att saka med eventuell utleige av salen etter denne samlinga.

#### **Sak 07 – 07 – 2024      Årshjul**

Vi følgjer årshjul vedlagt saklista med følgjande tillegg:

Januar: Invitasjon av 50-årskonfirmantar  
Februar: Førebuing av konfirmantavslutning  
April: Førebuing av kystsogedagane

Oppdatert årshjul er vedlagt referatet.

#### **Sak 08 – 07 - 2024      Ymist**

-Klargjering av litlesal til samlinga 28. aug er avklart.

-Soknerådet sin uttale i høve val av ny prost.

Soknerådet ventar med å avtale eit evt ekstra møte til det er kome meir informasjon om prosessen. Frist for uttalen er 10.sept.

-Prostidagen 12.09.24

Leiar sender samla påmelding frå Bømlo sokneråd til kyrkjekontoret på Stord innan mån 09.sept.

-Kystsogedagane med vandring på kyrkjestien og songstund i gamlekyrkja  
Svanhild tek ansvar for forfriskningar ved kyrkja etter vandringa.

-Julekonsert 2025

Vi bør starte tidleg å tenkje gjennom om og kva vi vil ha slik at kontor kan arbeide vidare med planlegging.

Forslag frå soknerådet er å invitere Havdur til å ha julekonserten i Bømlo kyrkje i 2025. Anja-Beate vidareformidlar forslaget til kontor.

-Konfirmantundervisninga

Soknerådet ynskjer å invitere kyrkjelydspedagog med ansvar for konfirmantundervisninga til soknerådsmøte for å få meir innsikt i dette arbeidet.